



Notat

Til: Kommunestyret

Kopi til:

Saksbehandler: Ordføraren/Jon Askeland
Vår referanse: 15/1790 - 1 / FE - 082, HistSak - 11/481
Dato: 21.09.2015

Godtgjersle folkevalde for perioden 2015-2019

Det er ein god tradisjon for at avgåande kommunestyre drøftar godtgjersleprinsipp for ny periode, og at nytt kommunestyre fattar vedtak.

Ordførar vil rå til følgjande endringar i godtgjersle for folkevalde for perioden 2015 – 2019.

1. Godtgjersle til ordførar.

Ved inngangen til førre periode gjekk Radøy over til at ordførargodtgjersla følgjer Stortingsrepresentantane. Ordførar meiner at Stortingsrepresentantane si godtgjersle har auka så mykje dei siste åra, at det ikkje lenger er rett at Radøy følgjer dette prinsippet fullt ut. Samstundes vil ordførar ta imot ei viss godtgjersle for arbeidet på Fylkestinget, noko som også bidreg til at ordførar rår til endring.

Ordførar rår til at ordførargodtgjersla vert sett til 90% av Stortingsrepresentant-godtgjersla frå ny periode.

2. Godtgjersle til varaordførar.

Partia SP, AP og Krf har drøfta å styrkja politisk leiing i kommunen, og ordførar gjer med dette framlegg om at varaordførar si godtgjersle vert sett til 20% av ordførargodtgjersla.

3. Godtgjersle til leiar i hovudutvalet.

Dette leiarvervet er eitt av dei som krev stor arbeidsmengd gjennom året. I dag er godtgjersla den same som for medlemmer i formannskapet, med tillegg av tapt arbeidsforteneste. Ordførar rår til at godtgjersla vert auka, men at det nye kommunestyret fastset endeleg godtgjersle.

4. Møtegodtgjersler.

Ordførar rår til at rådmannen får fullmakt til å undersøkje med nabokommunar kva møtegodtgjersle som vert sett for ny periode, og at Radøy si godtgjersle vert verande på nivå med nabokommunane. Men, ordførar rår til at Radøy sitt enkle system med rein møtegodtgjersle

etter låg og høg sats vert vidareført, og i tillegg tapt arbeidsforteneste for dei som dette er aktuelt for.

5. Møtegodtgjersle i utval med få møte.

Der er nokre utval med få møte pr år. Ordførar rår til at leiarane i desse ikkje får fast møtegodtgjersle, men høgare (dobbel) sats for møtegodtgjersle når det er møte. Dette gjeld leiarane for Eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, kontrollutval og byggenemnder, som har kr 7500,- i fast godtgjersle. Fleire av desse har få møte i året, dvs. 3-4.

Unntaket er dersom me slår saman byggenemndene til ei nemnd, så bør likevel leiar ha fast årleg godtgjersle.